

Høyring på ny Rammeplan for barnehagar

Høgskulen på Vestlandet, barnehagelærerutdanninga i Sogndal

Rammeplanen som styringsdokument

Utkastet til ny rammeplan er kortare og lettare for alle i barnehagen å setje seg inn i. Den gir eit betre heilskapsbilete over mandatet til barnehagen, og kan bli eit godt arbeidsdokument for dei tilsette i barnehagen med god struktur og tydelege overskrifter. At det står fleire «bør» og «skal» gir mindre handlingsfridom, og det er meir tydeleg i denne rammeplanen kva som er «må» punkta og kva som kan veljast. Føringane er klårare. Flott at rammeplanen følg opp utvikling i samfunnet og inneheld nokre nye punkt som til dømes roller, helse, digitale og teknologi.

Nokre formuleringar er for oss uklære og burde vore utdjupa, som til dømes «øvre personale». Det bør stå nemnt kva som er det øvre personalet. Fagarbeidarar bør nemnast slik at dei både får anerkjenning og eigarskap til planen, og slik kjenner seg meir forplikta til å bruke den. Vi stiller oss svært spørjande til formuleringa «kompetent pedagogisk personale». Vi meiner det berre bør stå «pedagogisk personale» sidan eit pedagogisk personale er kompetent. Viss de meiner gruppenivå (at eit kompetent pedagogisk personalet til dømes vil sei minimum 50% barnehagelærarar så bør dette presiserast. Formuleringa slik den står no kan tolkast på individnivå). Det bør også utdjupast/forklarast kva som meinast med «globalt» og «berekraftig utvikling», og om dette er noko som skal tolkast lokalt. Slik kan kvar barnehagen få til gode diskusjonar og refleksjonar kring kva som er til dømes berekraftig utvikling i barnehagen, i kommunen. Det er viktig at det ligg rom for tolking for å tilpasse den einskilde barnehage, men omgrep og substans i planen må vere likt forståeleg for alle. Planen kan i somme samanhengar bli i kortaste laget, spesielt med tanke på studentar og nyutdanna som treng meir informasjon og detaljar. Her fungerer noverande rammeplan godt. Som supplement til ny rammeplan ligg det både digital informasjon og tekstinformasjon på Utdanningsdirektoratet si heimeside, noko som kan erstatte manglande tekst i rammeplanen og gje meir utfyllande informasjon.

Rammeplanen som arbeidsdokument for barnehagepersonalet

Barnehagane står føre ein stor jobb med implementering for at dette skal bli eit godt arbeidsdokument, og planen må implementerast på alle nivå, frå barnehage-eigar til assistent. Dette blir eit stort ansvar spesielt for leiarane i barnehagen. Å arbeide med ny rammeplan kan bli ein positiv og fagleg prosess, der det ligg til rette for høg fagleg aktivitet med gode refleksjonar i alle barnehagar. Høgskulen vil leggje til rette for at studentane skal kjenne rammeplanen og kunne bruke den som arbeidsdokument når dei kjem ut i arbeid som barnehagelærarar. I denne implementeringsprosessen blir det viktig at kommunane tek i vare kvar barnehage sin autonomi, og at barnehagelærarane sjølv får vurdere kva verktøy og arbeidsmåtar som er best eigna til å ta i bruk i barnehagen. Dette blir særskilt viktig i ei tid der barnehagen er ein stadig meir attraktivt marknad for verktøy og kartleggingar og arbeidsmateriell av ulike slag.

Vi stiller oss kritisk til ei formulering som kan forståast som at eigar kan legge føringar for arbeidsmåtar. Det bør stå tydeleg at profesjonen/barnehagelærarar sjølv vel sine arbeidsmåtar ut i frå faglege vurderingar. Ikkje alle eigarar har barnehagefagleg kompetanse til å gjere naudsynnte vurderingar. Eigar må også stille naudsynt utstyr og verktøy til disposisjon for alle barnehagar, som til dømes digitale verktøy, slik at barnehagen kan jobbe med dei nye føringane i rammeplanen. Dei barnehagefaglege må vere ei motkraft til både nasjonale og lokale satsingar som lett kan styre og prege arbeidet i barnehagen meir enn rammeplanen. Det bør vere slik at barnehagane skal jobbe med alle fagområder i barnehagen og ikkje berre spisse seg mot eit eller to. Den nye barnehagelærarutdanninga er meir tverrfagleg og bygd opp på kunnskapsområder og ikkje einskilte fag. Dette vil sei at nyutdanna barnehagelærar vil vere vande med å tenke tverrfagleg og slik har eit godt utgangspunkt til å ta tak i fleire fagområder og ikkje berre eit eller to.

Den nye rammeplanen viser klar forbetring i eit breiare barnehagefagleg fokus på skriftspråkstimulering i form av formuleringar som å leike med språk og tekst, samt utforsking av skriftspråksuttrykk gjennom lese- og skriveaktivitetar, heller enn noverande rammeplan sine formuleringar om å berre støtte dei som sjølv tek initiativ til leikeskriving.

Rammeplanen og barnehagen sitt breie samfunnsmandat

Vi tykkjer forslaget til ny rammeplan tek i vare barnehagen sitt breie samfunnsmandat. Den byggjer på eksisterande plan med nokre gode supplement, og gir rom for lokale tolkingar – det er bra. Den har med oppdateringar frå eit samfunn i endring, og inneheld dagsaktuelle tema som mobbing, teknologi og berekraftig utvikling. Vi finn og i forslaget fine omtalar som at barndomen har verdi i seg sjølv, og at måltidet er løfta fram som ein pedagogisk aktivitet er positivt. Den får fram verdien av barnehagen og samarbeidet med skulen, dette kan bidra til å både heve kvalitet og status. Eit nasjonalt forslag om barnehagelektoren vil og kunne bidra til å både heve fagkompetanse, kvalitet og status, og i tillegg vi må arbeide for å få ei firårig barnehagelærarutdanning no når grunnskulelærarutdanninga blir femårig. Bra at rammeplanen løftar fram omgrep som danning og barns medverknad, og når det gjeld teknologi må det presiserast tydeleg. Her må dei vaksne halde seg jamt oppdatert for å kunne følgje barna. Leiurar og barnehagelærarar i barnehagane må stå fram som tydelege fagstemmer og profesjonsstemmer i møte med eigar og kommune, og grunngje alle val og vurderingar fagleg. I den samanheng blir det viktig å opprette gode faglege forum på kommunenivå som tiltak for å ta i vare eit breitt samfunnsmandat. Nokre kommunar har slike forum i dag, andre ikkje. Arbeidet med barnehagar ute i kommunane er ulikt og svært varierande.

Den nye rammeplanen bør starte likt med den gamle, utdrag frå barnehagelova §1 om samfunnsmandatet som innleiing. Leik er mindre nemnt no enn før, og burde vore løfta meir fram som den viktigaste metodiske aktiviteten i barnehagen og den burde vore skrive om innleiingsvis. Planen burde også innehalde fleire føringar for tverrfagleg/tverretatleg samarbeid og nemne eksplisitt eksterne hjelparar barnehagen skal samarbeide med. Her bør det ikkje ligge rom for lokale tolkingar og variasjonar. Rammeplanen må presisere at barnehagen skal meir enn berre «opplyse foreldre om hjelparar», barnehagen bør ha ei meir aktivt rolle i samarbeidet med foreldre og instansar om barn som strevar. Her står det meir utfyllande i eksisterande plan. Dei yngste er no nemnt mindre spesifikt og meir rekna inn som naturleg del av barnegruppa. Dette er for så vidt greitt. Men arbeidet med denne yngste barnegruppa bør likevel ha spesielle føringar. Dette bør og følgjast opp når det gjeld føringar for ressursar og bemanningsnorm. Her kan det heller ikkje vere rom for lokal tolking og variasjon. Sist, men ikkje minst, nynorsk bør og nemnast på lik linje med samisk.

Svar til høyring om ny rammeplan for barnehagen frå norskfaggruppa i Sogndal, HVL

Generelt:

Norskfaggruppa i Sogndal, HVL, finn utkastet til ny rammeplan for barnehagen godt. Me ser at det vert kommunisert tydeleg at barnehagen skal vere medviten på at kommunikasjon og språk påverkar og vert påverka av alle sider ved barnets utvikling. Me finn eit slikt heilskapleg syn på språk viktig. At dialog og sosialt samspel vert sett som den mest sentrale delen av språkstimulering, støttar opp om dette. Me synest også det er viktig at språkleg mangfald og identitet vert fokusert, dette viser eit ressursperspektiv på fleirspråklegheit.

I samband med dette har me likevel eit generelt spørsmål: Det står at ein skal «følge med på barnas kommunikasjon og språk og fange opp og støtte barn som har ulike former for kommunikasjonsvanskar, som er lite språklig aktive eller har sen språkutvikling». Me etterlyser avklaringar på korleis dette er det tenkt gjennomført, og om dette eventuelt kan utdjupast i eit temahefte.

At det skal sørgast for progresjon gjennom medviten bruk av bøker og at det er eksplisittert at desse skal gjerast tilgjengelege for borna – og at det skal tilbydast eit mangfald av bøker, er også viktige formuleringar. Satsinga på språk framstår i det heile som styrkt i utkastet til ny rammeplan, og me er òg nøgde med at behovet for skriftspråkstimulering i barnehagen no er gjort tydelegare.

I samband med det siste vil me likevel føreslå nokre konkrete justeringar som går på nynorsk skriftspråk sin plass i norsk barnehage – og då særleg for dei borna som seinare skal ha nynorsk som opplæringspråk. Me synest det er svært bra at behovet for meir samisk språkstimulering i barnehagen for born som skal ha samisk som fyrstespråk på skulen, er vektlagt i utkastet til ny plan, og me ynskjer oss denne typen formuleringar også for born som skal ha nynorsk som fyrsteskriftspråk. Kvart år byrjar om lag 7800 elevar i skulen med nynorsk som hovudmål, og skuleåret 2016/17 er det totalt 76 549 nynorskelevar i grunnskulen (Grunnskolen's informasjonssystem, 2017). Me snakkar altså ikkje om ei marginal gruppe.

Konkrete endringar:

s. 9-10: Under kapittelet «Barnehagen skal fremme kommunikasjon og språklig kompetanse»

Me vil gjerne ha eit nytt punkt om kva personalet skal:

- stimulere barnas norskspråklege kompetanse på nynorsk og bokmål. La born i nynorskkommunar i størst mogleg grad møte nynorsk.

s. 12: Under kapittelet «Kommunikasjon, språk og tekst»

I fyrste avsnitt vil me gjerne byte ut det litt diffuse/uvanlege uttrykket «språkformer» med orda «nynorsk og bokmål», slik at andre avsnitt blir slik: «I barnehagen skal barna møte ulike språk, nynorsk, bokmål og dialekter gjennom rim, regler, sanger, litteratur og tekster fra samtid og fortid.»

Me ynskjer dette punktet inn under «Gjennom arbeid med kommunikasjon, språk og tekst skal barnehagen bidra til at barna»

- utforske og gjøre erfaring med ulike skriftspråk, bokmål og nynorsk, som lekeskrift, tegning og bokstaver, gjennom lese- og skriveaktiviteter. (i staden for «utforsker og gjør seg erfaringer med ulike skriftspråksuttrykk, som lekeskrift, tegning og bokstaver, gjennom lese- og skriveaktiviteter»)

Vidare ønskjer me dette punktet inn under «Personalet skal»

- « bruke varierte formidlingsformer og tilby et mangfold av bilder og uttrykksformer og av bøker og sanger på nynorsk og bokmål» (i staden for « bruke varierte formidlingsformer og tilby et mangfold av bøker, sanger, bilder og uttrykksformer»)

Elles må rammeplanen kome på nynorsk i tillegg til på bokmål, som han jo alltid har gjort før. Rammeplanen vert mykje brukt og sitert i dokument, forskings- og studentarbeid også i nynorskinstitusjonar og nynorskkommunar.